



Saksframlegg

Suppleringsval - varaliste i råd

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Valnemnda	
	Heradsstyret	

Leiar i valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret gjer fylgjande suppleringsval til råd:

1. _____ vert valgt som ny varamedlem nr 3 i Innvandrarrådet.
2. Ny vararepresentant i Innvandrarråd, representant frå Heradsstyret / Utval for levekår _____, erstattar Sturla Hommedal, Sp.

Samandrag

Det kan vere ein fordel å supplera med 1 - 2 varamedlemer til Innvandrarrådet då det pr. no er kun to varamedlemer. For vervet som vararepresentant frå Heradsstyret / Utval for levekår er no Sturla Hommedal, Sp vararepresentant i både Eldrerådet og Innvandrarrådet. Desse to råda har møter samstundes og det er derfor ynskjeleg å gjera ei endring her.

Saksopplysingar

Heradsstyret gjorde i sitt møte 16. november 2023 val av Eldreråd, Innvandrarråd og Råd for MMNF, derav 4 varamedlemer og 2 vararepresentantar frå Heradsstyret / Utval for levekår til Innvandrarråd, Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Sturla Hommedal, Sp, er vararepresentant frå Utval for levekår både i Innvandrarråd og Eldreråd, dette har synt seg å vera uheldig og ein har i nokre tilfelle stått utan vararepresentant i eit av råda, då desse har møter samtidig.

I Innvandrarrådet har no to varamedlemer fått fritak ut perioden og ein har såleis kun 2 varamedlemer tilgjengeleg, der ein frå starten hadde 4.

Leiar i valnemda si vurdering:Generelle vurderingar:

For å sikra god møtegjennomføring tilrår leiar i valnemda at vararepresentant ikkje har vararolla i to ulike råd, og at ein derfor gjer ei endring og suppleringsval, gjeldande ut valperioden.

For å sikra god møtegjennomføring tilrår leiar i valnemda at ein gjer suppleringsval og vel eit nytt varamedlem for Innvandrarrådet, gjeldande ut valperioden.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomiske konsekvensar

Alternativt framlegg til vedtak:

Dersom ein ynskjer å velga ny vararepresentant for Eldrerådet, og at Sturla Hommedal, Sp fortset som vara i Innvandrarrådet, kan ein velga alternativ 2.

Dersom ein tenkjer at det er tilstrekkeleg med 2 varamedlemer i Innvandrarrådet og ein ikkje ynskjer noko suppleringsval der, kan ein velga alternativ 3 eller 4.

Alternativ 2:

Heradsstyret gjer følgjande suppleringsval til råd:

1. _____ vert valgt som ny varamedlem nr 3 i Innvandrarrådet.
2. Ny vararepresentant i Eldreråd, representant frå Heradsstyret/ Utval for levekår : _____, erstattar for Sturla Hommedal, Sp

Alternativ 3:

Ny vararepresentant i Eldreråd, representant frå Heradsstyret / Utval for levekår

: _____, erstattar for Sturla Hommedal, Sp

Alternativ 4:

Ny vararepresentant i Innvandrarråd, representant frå Heradsstyret / Utval for levekår

: _____, erstattar for Sturla Hommedal, Sp